



Arkivnr: 2019/1396-7

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Låneopptak 2019 - II

Samandrag

Til finansiering av deler av budsjetterte investeringar i 2019 vert det teke opp eit 7-års lån på 500 mill. kr med fast rente.

Vedtak

Det vert teke opp eit 7-års lån på 500 mill. kr med fast rente.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
fylkesdirektør øk.- og org.

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.08.2019

Det er i 2019 budsjettet med bruk av 1 232,7 mill. kr i lån til finansiering av investeringar.


Det er tidlegare i år teke opp 300 mill. kr. Dette vart gjort ved å auke lånesummen då ein refinansierte eit sertifikatlån.

Fylkesrådmannen vil no ta opp eit nytt lån på 500 mill. kr. Etter dette vil det stå att å låne ca. 430 mill. kr seinare i haust. Men denne summen kan endre seg, dersom det vert gjort endringar i investeringsbudsjettet.

Ved utgangen av august vil 50,7 % av fylkeskommunen sin låneportefølje ha rente som er bunden i meir enn 1 år. I finansreglementet er det sagt at «halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variere mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje.»

Lange renter har falle den siste tida. Fylkesrådmannen meiner det kan vere fornuftig å ta opp meir lån med fast rente på det låge rentenivået ein ser no.

Grafen nedanfor viser kor langt fram eksisterande rentebindingar strekkjer seg. Ingen lån har i dag rentebinding ut over 5 år.



Slik rentebiletet er i dag, meiner fylkesrådmannen det kan vere gunstig med eit lån med fast rente i 7 år. Ein forventar å få dette til ei rente på om lag 1,9 %. Dette er lågare enn eit langsiktig lån med flytande rente. P.t. renta i Kommunalbanken er t.d. 2,15 %. Eit helt kortstiktig lån (3 mnd. sertifikat) vil ha ei rente på om lag 1,5 %.

Konklusjon

Fylkesrådmannen vil be om tilbod på lån på 500 mill. kr med fast rente i 7 år.

Praktisk framgangsmåte

Ved opptak av lån med løpetid over 1 år vert det vanlegvis kravd stadfesting frå revisor på at låneopptaket er i tråd med vedtak, fullmakter og reglar som gjeld for fylkeskommunen. Vanlegvis er det ikkje mange dagar frå anbodsrunden til lånet skal utbetalast. Det kan vere knapp tid til å ordne alle formalitetar.

Ved dei siste låneopptaka har ein gjort det slik at fylkesrådmannen først gjer vedtak om lånebeløp og rentebinding. Deretter innhentar ein stadfesting frå revisor, før ein gjennomfører anbodsrunden.

Ein har avtalt med Bergen Capital Management å ha anbodsrunde 27. august. Etter at BCM har fått inn tilboda, får fylkeskommunen sendt over ei liste med rangering av innkomne tilbod. Valet av långjevar gjev seg sjølv, nemleg den tilbydaren som har lågast rente.